



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2527 - 23/32431

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 448/1 Solend søndre

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 448/1
Tiltakshavar: Kjartan Blindheim
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.03.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vegtilkomst til parsellen går ikkje klart fram av reguleringsplankartet. Denne må avklarast. Det må leggjast fram erklæring om vegrett over annan eigedom fram til offentlig veg.
2. Det er ikkje rekvirert oppmåling. Me gjer merksame på at i samband med rekvisisjon av oppmålingsforretning må det leggjast ved kopi av skifteattest som dokumenterer signaturrett som aktuell heimelshavar. Skifteattesten vil også vere naudsynt i samband med tinglysing.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjartan Blindheim

Solendvegen 260

5936

MANGER

Mottakarar:

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN